

Info-/dialogmøte om kommunedelplan for Hovden Aust

22.08.2019

Oppsummering av innspel rundt kaféborda

TEMA 1: Friluftsliv – fritidsaktivitetar – løypestruktur

Generelt:

- God tilkomst ut i naturen er det aller viktigaste
- Viktig med gode tilkomstløper/stiar frå alle områda
- Tenke kortast mogleg «transportetappe» frå bebyggelse/parkering til fri natur
- Passe på at løyper ikkje vert «punktert» av brøyta vegar. Gjeld både nye og gamle område
- Lage betre overgangar over hyttevegar i dagens løyper (løyper over/bilar under)
- Må ha breie korridorar – mykje luft i løypene. Må vere god avstand til hyttene
- Må lage fleire løyper ut i fri natur for å unngå «kork og kø» – fleire km – løypene i området er allereie for hardt belasta
- Kø i «Markens» idag
- Fleire hytter vil generere meir trafikk
- Bevare dagens sti- og løypetilbod sommar og vinter + kople mot fleire nye trasear
- Løyper frå bebygde område må vere gjennomtenkt
- For å unngå slitasje i naturen må løyper/stiar ha god planlegging og opparbeidast med god kvalitet
- (Skule)barn kan ikkje gå så langt for å komme ut i naturen
- Legge tilrette for sykkelsti – stor etterspurnad
- Vidareføre lysløype (høg prioritet)
- Bør ha fleire standardar for løypene – ikkje alle treng ha same høge kvalitet
- Løypeavgift bør vere tvang!

Konkrete punkt/strekk:

- Eksisterande løype gjennom BFR26 er ei veldig viktig låglandsløype – god også i mindre godt ver
- Ta vare på «Plankestien» frå Byrtemannsbekken hyttegrend til Solsetervegen (1)
- Bare bygge på nedsida av dagens løype i BFR 26
- Behalde og vidareutvikle krysset i BFR 26
- Bevare bål/kose/akeområde i BFR 26
- Tilpasse utbygging i BFR 26 til eksisterande løyper
- Hovudtrasé for løype må leggjast på utsida av BFR 26
- Få fortgang i bygging av ny bru over til Vidmyr for å avlaste trykket
- Etterspør god løype til Skisenteret frå hyttefelt (kryssing ved brua over Otra er dårleg)
- Korridor frå bustadfelt viktig (sommar og vinter) – særleg Hartevassnuten
- Ikkje bygge meir langs stien til Hartevassnuten
- Syte for god løype frå Stussli og opp i området (2)
- Gjenopprette løypa frå Hartevassvegen, langs nordsida av Hartevassnuten og søraustover inn i «store» friluftsområde (3)

TEMA 2: Berekraftig utbygging – infrastruktur – fortetting

Generelt:

- Kollektivtransport kan hjelpe på parkeringsmangel i området
- Ny gjennomkøyringsveg med «skibuss»/kollektivtransport i hytteområda
- God tilkomst ut i naturen er det aller viktigaste
- Planlegg ferdsle/gang- og turtrafikk under anleggsperioden
- Framtidas hytter – bygge for framtida – massivtre?
- Fortett med vett!
- Fortetting i eksisterande hyttefelt er berekraftig
- «Alle» regna med at grøne område ville bli bygt ut i framtida
- Sentrumsnært kan det byggast tettare – når ein er høgare og lengre borte frå sentrum må det vere meir avstand mellom hyttene
- Generell uro for at det vert altfor tett
- Bygge ut på ein slik måte at ein ikkje øydelegg nedanfor liggande område med vatn/flaum
- Viss ny utbygging høgare oppe vil føre til at dei lågtliggande bustadane får overvatn – kven får ansvaret?
- Mønehøgde 5,5m er OK, men ikkje høgare. 160m² (litt usikker på om det var meint generelt eller bare for BFR 26/nye område)
- Ved fortetting må ein bevare noko av det grøne

Konkret:

- BFR 26 bør vurderast på nytt – sterke ønske om å ta det ut (går igjen i mange uttaler)
- Veg til BFR 26 er eit vesentleg tema – kanskje to vegar inn - asfalt

TEMA 3: Landskap – naturmangfald – kulturminne

Generelt:

- Ved fastsetting av høgder må ein ta omsyn til tidlegare bygde hytter
- Ein kan godt tenke større høgder (enn dagens 5,5m) - særleg sentralt i området
- Behalde 5,5m høgde – gir god terrengtilpassing
- Viktig med grøne korridorar

Konkret:

- Få på plass referanseområdet!